

01.06.2010

Skulen held ope ut veka

Onsdag vert streiken trappa opp også i Kvinnherad, men Uskedalen skule vil halda ope ut veka, blir det opplyst på kommunen si nettside tysdag.

Ved dei fleste barnehagane blir det redusert drift, men her må ein sjå på og halda seg til informasjonen frå den einskilde barnehage.

Ved Omvikdalen skule går skulen også som normalt, men SFO er ope berre for 1. og 2. steg og elevane må hentast klokka 15.

Ved Bringedalsbygda vert SFO etter skuletid stengt for elevar i 3. og 4. steg og ope til klokka 14.30 for 1. og 2. steg.

Både Husnes og Rosendal ungdomsskule held ope.

Hovudutfordringa mange stader er at det ikkje blir reingjort og det er då begrensa kor lenge ein kan halda skular og barnehagar i drift.